

# Møre

Avis for Søre Sunnmøre

NORSK LANDBOEBLAD (1810) - LANDBOE-AVISEN - POSTBUDET - MØRINGEN - UGEBLADET



## MØRE I FERIEN

I veke 27 - 32  
kjem Møre tysdag og fredag

# Møre

Avis for Søre Sunnmøre

**torsdag**

29. JUNI 2017 - NR. 72 - 116. ÅRG. (209. ÅRG.)

LAUSSAL KR. 20,-

Volda sjukehus:  
**- Har fullt  
traumeteam**

**SIDE 6**

**Gode lokale  
resultat**

**SIDE 16 OG 17**



**Markerte al-  
Eid saghir**


**SIDE 16 OG 17**



**Vil ha fleire  
menn i  
barnehagane**

**SIDE 15**

**Bygde  
pumpehus  
på fagprøva**



**SIDE 11**

**Målblome til  
Raaberg**

**SIDE 5**



**I dag:**

Du skal heidra far din og mor di - Hans Reite.

Palestinerne trenger reell støtte, ikke boikott av Israel - Per Arne Åkenes.

## Kjekt på bygdetunet



Om lag 70 møtte opp på Volda bygdetun då sommarprogrammet til Frivilligsen-

tralen i Volda opna offisielt onsdag føremiddag. Diverse aktivitetar og hesteriding

arrangert i samarbeid med Volda rideklubb var på programmet.

**SIDE 8**

## God deltaking på fjellmaraton

**MIDTSIDENE**



Ta vare på huda di  
Den beste duoen til kroppen din  
**Exuviance**  
hud- og kroppspleie  
Halkjelsgata 14, Volda. Tlf. 941 38 136 - www.unikhudpleie.no

Stilas og  
lift-utleige  
**GILLENAS**  
Opplering - truck - lift - kran - VHF/SIRC www.gillen.no  
Tlf. 992 62 633

**SALG - 50-70%**  
PÅ ALLE INNFATNINGAR  
\* Gjeld ut juni og kan ikkje kombinerast med andre tilbod.  
**OPTIKK VOLDA** Tlf. 70 07 70 19  
www.optikkvolda.no

## Truleg ny runde om namnet på den nye vestlandsregionen

NPK: Kva det nye storfylket på Vestlandet skal heita når Hordaland og Sogn og Fjordane slår seg saman er truleg enno ikkje heilt avgjort. Snart kan det vera duka for nye diskusjonar.

– Intensjonsavtalen vi vart samde om, seier at namnet skal vera Vestlandet/Vestlandsregionen. Men dette var ein arbeidstitel, og det vil overraske meg om det ikkje blir diskusjon, seier fylkesordførar i Sogn og Fjordane, Jenny Følling til Firda.

Avisa fortel at fylkespolitikarane i Hordaland og Sogn og Fjordane no ventar på at Kommunal- og moderniseringsdepartementet skal kalla dei inn til eit fellesmøte der namnevalet til det nye fylket blir eit sentral tema.

Jenny Følling peikar på at namn er nært knytt til identitet. Ho meiner difor det er viktig å bruka tid på å finna fram til eit namn som mange kan stilla seg bak.

Ifylgje Firda skal det no setjast ned ei fellesnemnd frå dei to fylka som skal sjå nærmare på namnevalet og samanslåingsprosessen mellom dei to fylka. (©NPK)

## Språkrådet blir verande i Oslo

NPK: Det blir ikkje noko av forslaget om å flytte Språkrådet ut av Oslo, slår kulturminister Linda Hofstad Helleland (H) fast.

Etter å ha vurdert fleire alternative plasseringar av Språkrådet – det vil seie Bergen, Bø i Telemark og Stjørdal – har Kulturdepartementet konkludert med at Språkrådet framleis bør ligge i Oslo. Det er den einaste staden som kan tilby dei mest relevante fagmiljøa innanfor dei områda Språkrådet forvaltar, meiner departementet.

– Med ei flytting av Språkrådet er det svært høg risiko for tap av kompetanse på område det er vanskeleg å rekruttere ny kompetent arbeidskraft til. Det kjem av at Språkrådet har høgt spesialiserte arbeidsoppgåver på fagfelt der det blir utdanna få nye kandidatar, seier Helleland i ei pressemelding.



\* Ridning på hesterygg var ein av aktivitetane ein kunne oppleve på bygdetunet onsdag.

# Kjekke sommaraktivitetar på bygdetunet

**Onsdag formiddag arrangerte Frivilligsentralen i Volda sommaraktivitetar for barn og unge til glede for om lag 70 framførte.**

På bygdetunet kunne ein oppleve alt frå ei rekke ulike leikar som badminton og hoppetau, og det som fleire rekna som hovudattraksjonen som var ridning på hest arrangert i samarbeid med Volda rideklubb. Det vart òg servert vaflar, saft og kaffi til dei som ville ha. Adel Dabbas, arrangør og aktivitetsleiar for sommaraktivitetane til Frivilligsentralen, var veldig nøgd med oppmøtet.

– Det fantastiske vëret har hjulpet oss mykje med å skape god stemning, smiler Dabbas, og legg til at det er kjekt at dei vaksne kan slappe av i sola medan borna leikar og rir.

### Viktig for det sosiale

Dette er det tredje året Frivilligsentralen i Volda arrangerer sommaraktivitetar for born.

– Tanken bak at vi arrangerer dette er at alle familiar som skal vere i Volda i sommar, og fleire av dei som har flytta hit til Volda kommune frå andre stadar skal ha ein arena der dei skal kunne møte nye menneske, seier Dabbas. Han fortel at nye i bygda ofte ikkje kjenner folk her, og at aktivitetane gir ein god moglegheit til å kunne verte kjende med staden og menneska som bur her.

– Det er også eit godt tilbod for dei som ikkje skal reise på ferie i sommar, slik at dei også kan få oppleve diverse ting i løpet av sommaren, smiler Dabbas. Dabbas hugsar sjølv at då han var ny i bygda så var det gjennom arrangementet av Frivilligsentralen på



\* Lila Alexandra Emblem Bjerkvik og Kira Jeanette Emblem Bjerkvik var to av dei som kosa seg på bygdetunet.

bygdetunet i Volda han vart betre kjent med bygda og menneske som bur her.

– Åleine så vert det vanskeleg, og dette er eit ekstremt viktig tiltak for det sosiale for mange, meiner Dabbas. Vidare vil han gi ein stor takk til alle dei som er med på å arrangere sommarprogrammet og dei som er med på å gjere det mogleg.

### Fleire arrangement

I løpet at sommaren skal Frivilligsentralen i Volda arrangere ti fleire arrangement.

– Det er tre arrangement som ein må melde seg på, medan ein på dei andre berre kan møte opp, fortel Dabbas. Turen til Hakallegarden 13. juli, badeturen til Sunnmørsbadet i Fosnavåg 27. juli og familiebowlinga i Ulsteinvik 1. august må ein melde seg på i tida før grunna eit avgrensa tal

på plassar.

– 4. og 8. juli vert det sirkus, som er det største programmet av alle sommaraktivitetane vi arrangerer, og dette gler vi oss til, seier Dabbas, og legg til at han håper at mange har moglegheita til å kome.

### Kjekt å ri

To av dei som koste seg i sola på bygdetunet onsdag var Lila Alexandra Emblem Bjerkvik (8) og Kira Jeanette Emblem Bjerkvik (10).

– I dag har vi ridd, ete vaflar med saft, spelt tennis og hoppa i hoppetau, fortel dei, og seier at det var mamma sin plan å reise opp på bygdetunet.

\* Arrangør Adel Dabbas var svært nøgd med både oppmøtet og det fine vëret som var under arrangementet på Volda bygdetun.

– Den kjekkaste aktiviteten var absolutt å ri, sidan det er så gøy å sitte høgt oppe på hesten og så er det så humpete, fortel Lila Alexandra Emblem Bjerkvik.

✉ KASPAR F. SELVIK



**TOSHIBA**

- ↳ Ventilasjon
- ↳ Varmepumper
- ↳ Kjøling
- ↳ Betongsaging

**Ev**

**EGSET VENTILASJON AS**

Furene, 6100 Volda  
Tlf. 70 05 30 48 / 952 07 919  
e-post: kontor@egset.no - www.egset.no